

Etablerer Kvinnherads første krematorium.

31.03.2017



Takka vere initiativet til Klara Bakke får Uskedalen Kvinnherads første krematorium.

**Zjakk frisørsalong som vert driven av Klara Bakke og Ann Christin Huke, har vore eit viktig tilbod i bygda gjennom mange år. No har dei to kreative og initiativsrike damene funne ut at dei vil utvida tilboden sitt til kvinnherringane. Som dei første i kommunen, etablerer dei no krematorium, og dei håpar det skal vera i drift uthåst.**

«Vi har gått med tankane ei stund. Idéen kom opp då vi les om lite plass på kyrkjegardane i kommunen og vanskar som var knytt til utviding av desse», fortel Klara Bakke til uskedalen.no. «Vi har no gjort avtale om å leiga kjellaren under Zjakk, og krematoriet vil verta der», legg ho til.

På spørsmål om når dei reknar med å vera i drift, seier ho at dei håper å vera klar til oppstart i siste del av august. «Einar Gjertsen som leiger arealet no, har fått melding om at alle bilane må vera ute innan 1.juni, og så startar vi ombyggingsarbeidet omgåande». Ho oppfordrar også alle som har garasjeplass, om å kontakta Gjertsen slik at han kan behalda bilsamlinga si. Han vil helst ikkje kvitta seg med noko.

Klara fortel vidare at dei har inngått eit samarbeid med Sindre Stensletten og Kvinnherad Asfalt. Det er dei som skal stå for den daglege drifta, og også stå for transport av spesialkol til anlegget. Sindre er også mannen bak firmanamnet «Klaras klipp og krematorium»(«KKK»).

«Vi håpar at eit krematorium i lokalmiljøet skal vera ein liten lette for nokre i tunge stunder», avsluttar tiltaksrike Klara Bakke som framleis vil styra saksa.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland